



# **PLAN FOR BRUK AV KOMPENSASJONSMIDLAR I HORDALAND 2016**

**- restmidlar i Kvam**

## INNHALDSLISTE

<b>1.0</b>	<b>Innleiing</b>	Side 2
<b>2.0</b>	<b>Plan for bruk av restmidlar i Kvam</b>	Side 2
<b>3.0</b>	<b>Styringsgruppa si fordeling av restmidlar frå Kvam</b>	Side 2
<b>4.0</b>	<b>Infrastruktur</b>	Side 3
	4.1 Prosjekteringsmidlar gang- og sykkelveg Kvamskogen	Side 3
<b>5.0</b>	<b>Innovasjon og nyskaping</b>	Side 4
	5.1 Urban Water Shuttle - Et nullutslipps fartøyskonsept for hurtiggående passasjertransport	Side 4
<b>6.0</b>	<b>Anna</b>	Side 8
	6.1 Hardangerbadet	Side 8
	6.2 Planlegging av Zip-line i Norheimsund	Side 11
<b>7.0</b>	<b>Søknadar som ikkje har fått støtte</b>	Side 12
	7.1 Styrking av Studiesenteret i Hardanger – søkjar Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger	Side 12
	7.2 Tilpassa utdanning til næringslivet sitt kompetansebehov	Side 14
	7.3 Klatrevegg i ny idrettshall	Side 17
	7.4 Hardanger Adventure House	Side 18

## 1.0 Innleiing

Då Fylkesutvalet godkjente Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2015-2016 vart det gjort følgjande vedtak:

1. Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2015 og 2016 blir godkjent med unntak av midlar til «infrastrukturprosjekt i Kvam», og til prosjekt «Samanslåing og bedriftsutvikling/ Øystese gymnas».
2. Benkeprosjekt på Moster Amfi vert løyvd 1,5 mill. i tråd med innstillinga frå styringsgruppa.
3. Midlar til bedriftsretta prosjekt overførast til Innovasjon Noreg for endeleg handsaming.
4. Unyttta midlar vert lyst ut på nytt.

## 2.0 Plan for bruk av restmidlar i Kvam

Unyttta midlar til Kvam var på i alt kr. 2.546.850. Midlane vart lyst ut i desember 2016 med søknadsfrist 31.01.17.

Det kom inn i alt 8 søknadar med totalkostnad på kr. 98 787 000, der total søknadssum var på kr. 7 050 00,-.

Sekretariatet sakshandsama søknadane, og styringsgruppa har i si vurdering av søknadane lagt vekk på sysselsetjingspotensialet .

## 3.0 STYRINGSGRUPPA SI FORDELING AV RESTMIDLAR FRÅ KVAM

<b>PROSJEKT INFRASTRUKTUR</b>	<b>Omtale side</b>	<b>Restmidlar 2015/2016</b>
Prosjekteringsmidlar gang- og sykkelveg Kvamskogen	Side 3	200 000
<b>Totalt infrastruktur</b>		<b>200 000</b>
<b>PROSJEKT INNOVASJON OG NYSKAPING</b>		<b>Restmidlar 2015/2016</b>
Urban Water Shuttle	Side 4	1 000 000
<b>Totalt innovasjon og nyskaping</b>		<b>1 000 000</b>
<b>PROSJEKT ANDRE TILTAK</b>		<b>Restmidlar 2015/2016</b>
Hardangerbadet	Side 9	1 200 000
Planlegging av ZIP line	Side 11	146 850
<b>Totalt andre tiltak</b>		<b>1 346 850</b>
<b>TOTAL SUM FOR TILDELTE PROSJEKT</b>		<b>2 546 850</b>

## **4.0 Infrastruktur**

### **4.1 Prosjekteringsmidlar gang- og sykkelveg Kvamskogen – søkjar Kvamskogen Næringslag**

#### **Bakgrunn**

Kvamskogen er eit svært viktig regionalt område på Vestlandet for fritidsbusetnad og friluftsliv, særleg vinterstid. Køyretida frå Bergen er på ca.40 minutt. Området er bygd ut med kring 2000 fritidsbustader og det er etablert fleire alpinanlegg og anlagt ca. 60 km med tur og langrennsløyper. Fv7 går over Kvamskogen, og deler området i to. På store utfartsdagar kan det vera opptil 30 000 mennesker på Kvamskogen. Det er planlagt nær ei dobling av hytter i området, men dette vert hindra av eit rekkefølgekrav frå Statens vegvesen, som blant anna seiar at det må opparbeidast gang- og sykkelveg og planfri kryssing av fylkesveg 7 for mjuke trafikantar. Dette gjeld området frå Kvannelva til NAF. Etter Statens vegvesen sin kalkyle vil ein gang og sykkelveg bygd etter standard kosta minst 220 mill. kroner,-. Det er løyvd kr. 10 mill til prosjektet gjennom Kvammapakken.

Målet er å skilja mjuke trafikantar frå trafikken på Fv7 ved å byggjar gang- og sykkelveg frå Kvannelva til NAF, delvis nytting av eksisterande infrastruktur slik som allereie bygde parkeringsplassar og vegar. Utanom dette byggja veg etter forenkla modell, med duk, steinmassar, grusing og asfaltdekke, berekna for 8 tonn akseltrykk. Det skal monterast veglys langs heile gang og sykkelvegen, også busslommer. Prosjektet skal kunna godkjennast av Statens vegvesen.

Dette prosjektet som er ei enklare løysing er støtta av både kommunen og fylkeskommunen, då utbygging etter Statens vegvesen sitt alternativ er for kostnadskrevjande og vanskeleg å finansiera.

#### **Prosjekt mål**

Prosjektering av gang- og sykkelveg frå Kvannelva til NAF på Kvamskogen, utbygging etter forenkla standard.

#### **Tidsplan**

2017 januar Innhenting tilbod, søknad om midlar til prosjektet

2017 mars Ved tilsagn om midlar oppstart prosjektering

2017 mars Etablere prosjektorganisasjon (næringslag 3 og kommunen 2 medlemmer)

2017 mars Avklare med Statens vegvesen forenkla utføring

2017 juni Byggjesøknad og innhenting tilbod

2017 oktober Sluttrapport

## Budsjettplan

Tittel	2017	SUM
Dekkning kostnader Næringslaget	100 000	100 000
Konsulent prosjektering	200 000	200 000
<b>SUM 300 000</b>		

## Finansieringsplan

Tittel	2017	SUM
Eigenandel næringslaget	100 000	100 000
Kompensasjonsmidlar Hordaland	200 000	200 000
<b>SUM 300 000</b>		

## Målgruppe

I hovudsak næringslivet i Kvam, men også mjuke trafikantar i området.

### Vurdering opp i mot kriteria

Kvamskogen er eit viktig område for reiselivet i Kvam. Området genererer mykje handel i kommunen, og gjev sysselsetjing til lokale bedrifter. Rekkefølgje kravet frå Statens vegvesen fører til at planane om utbygging av nær ei dobling av hytter i området ikkje kan gjennomførast før realiseringa av gang – og sykkelvegen er gjennomført. Difor er prosjekteringa heilt avgjerande for vidare utvikling av Kvamskogen hytteområde.

Prosjektet vil leggje til rette for ei utvikling av Kvamskogen og vil ha ein utløysande effekt som vil vera til nytte for næringslivet i kommunen.

**Kompensasjonsmidlar 2016:** kr. 200 000,-.

## 5.0 INNOVASJON OG NYSKAPING

### 5.1 Urban Water Shuttle - Et nullutslipps fartøyskonsept for hurtiggående passasjertransport - søkjar Fjellstrand AS

#### Bakgrunn

Fjellstrand har ein klar strategi om å vidareutvikle sin kunnskap om aluminium og samtidig vera i forkant av utviklinga innafor ferger og hurtigbåtar med drift på batterier og andre innovative framdriftsløysningar.

Fjellstrand har hatt suksess med levering av den første 100% elektrisk drivne bilferja Ampere, som trafikkerer sambandet Lavik-Opedal over Sognefjorden.

Med dagens bakteppe for verftsbransjen, der aktiviteten spesielt innanfor det petroleumbaserte offshore markedet, er svært redusert, er det svært viktig for Fjellstrand å vidareutvikle det som dei har hatt suksess med, og aller helst ved å kombinera dette med dei nye krava til nullutslipp og miljøvennlig drift- og transport på sjø.

Fjellstrand vil difor delta i prosjektet "Urban Water Shuttle (UWS)", saman med ei rekke andre bedrifter i Hordaland.

UWS-konseptet vidarefører norsk, verdsleiarande kompetanse på energieffektive løysningar i hurtigbåt. Det bygger vidare på kunnskap og erfaring frå bedriftene som har utvikla og bygd miljøteknologi-prosjekter som MF Ampere (verdens første batterielektriske bilferge), FellowSHIP og MF Folgefonn (kor miljøteknologi er nytta og testa om bord på eksisterande fartøy).

#### **Hovudmål:**

Utvikle (og i neste fase demonstrera) eit energioptimalt nullutslipps, hurtiggåande passasjerfartøy til lågast mulig investeringskostnad på det fylkeskommunale sambandet Askøy-Bergen.

#### **Delmål, fase 1:**

Utføra logistikkanalyse som gir designføringar, utvikla konseptdesign, nullutslepps energisystem og gjennomføra risiko- og sikkerhetsanalyse.

#### **Delmål, fase 2:**

Utvikla skrog- og propulsjonsløyser, batteriteknologi og fartøysdesign, samt utarbeida produksjons- og marknadsplan, synleggjera teknologioverføringspotensial og utviklegrunnlag for pilotering.

#### **Delmål, fase 3:**

Klargjera detalj engineering og energisystem, byggja og operere UWS-fartøy på ruta Askøy-Bergen i Hordaland.

#### **Delmål, slutfase:**

Erfaringsoverføring tilbake til arbeid, for å vidareutvikla nullutslepps energisystem og energieffektivt fartøysdesign. Utvikle UWS-fartøy for øvrige samband og kunder.

Ei viktig målsetting i prosjektet er at sluttresultata skal gje positiv nytteeffekt for samfunnet generelt, i tillegg til involverte aktørar og søknadstypen sine målgrupper. For å oppnå samfunnsøkonomisk nytteverdi, skal prosjektet flytte ein større andel av vegtransport i bynære områder over til sjø gjennom eit nullutslippsalternativ.

Ved realisering av UWS-prosjektet vil det kunna oppnåast samfunnsøkonomiske effektar:

- Reduksjon av miljø- og klimautslepp:
- Lavere drifts- og vedlikeholdskostnader:
- Eit mer effektivt kollektivt transportsystem:
- Utvikling av meir attraktive bu- og næringsområder:
- Internasjonalisering og økt eksport av norsk fartøy- og miljøteknologi:

#### **- Auka sysselsetting:**

Ein viktig målsetting i prosjektet er å bidra til auka bruk av nullutslippsteknologi i maritim sektor, som vidare skal byggja opp ein ny industri/næring rundt utvikling og leveranse av miljøvennlige,

maritime løysningar. I takt med ei slik utvikling vil det være behov for fleire arbeidsplasser i maritim industri og relaterte sektorer.

**Prosjekt har følgjande delmål i fase 1 (FoU-fase):**

1. Utføre ein logistikkanalyse for ruta Askøy-Bergen i Hordaland, som skal gi designføringer ang. hastighetsområder, sjøeigenskapar, passasjerkapasitet, landgangsteknologi, kai infrastruktur, ladeinfrastruktur, digitaliseringsgrad og kommunikasjonsbehov.
2. Utvikla eit konseptdesign (dimensjoner, skrogutforming, propulsjon, hastighet, kraftbehov, ladebehov, osv.) som tilfredsstillar kollektivsystems- og regelverkskrav
3. Utvikling av pålitelige, sikre og plasseffektive nullutslipps energisystemer ombord, herunder;
  - a. Ladeteknologi
  - b. Batteriteknologi og pakking
  - c. Integrasjon av energisystemet ombord
  - d. Energistyringssystem for effektiv drift av fartøy
4. Risiko- og sikkerhetsanalyse av fartøy og nye teknologiske løysningar

**Delmål i fase 2 (Innovasjonsfasen):**

5. Utvikling av lette, miljøvennlige og produksjonseffektive skrog- og propulsjonsløsningar som reduserer energibehovet
6. Utvikling av tilpassa batteriteknologi som mogleggjer høgare energitetthet på systemnivå for energilagringen
7. Utvikle preliminært fartøysdesign med tilhøyrande integrasjon av energisystemløsning
8. Utarbeide ein produksjonsplan for pilotfartøyet som angir tidsbruk og kostnad for bygging
9. Utvikla ein marknadsplan for UWS-konseptet nasjonalt og internasjonalt
10. Synleggjera teknologioverføringspotensialet for det utviklede nullutslipps energisystemet til andre fartøysstyper, f.eks. bilferger, nærskipfartsskip
11. Utvikling av endelig beslutningsunderlag for pilotering, inkl. valg av operatør

**Delmål i fase 3 (Piloteringsfasen):**

12. Detaljengineering av fartøy og energisystem
13. Bygging av UWS-pilotfartøy
14. Operasjon av UWS-pilotfartøyet på ruten Askøy-Bergen i Hordaland

Prosjektet skal leia fram til følgjande resultat:

1. Et demonstrert nullutslipps energieffektivt hurtiggående passasjerfartøy (UWS) egnet for norske samband med eit påvist potensiale for bruk i utenlandske samband.
2. Eit demonstrert nullutslipps energisystem som kan nyttast på fartøy av ulik størrelse og med ulikt hastighetskrav, kor effektuttak vs. vekt- og arealbehov er forbedret med 200-300 prosent.

3. Nye, effektive skrog- og propulsjonsløsninger tilpassea nullutslipp energisystem, som har 20-30 prosent bedre virkningsgrad samanlikna med dagens fartøy.

4. Dokumentasjon av følgjande aspekter for UWS-konseptet samanlikna med dagens fartøy: a) utslippsreduksjon per passasjer fraktet, b) energibesparelser ved bruk av betre skrog- og propulsjonsløsninger, c) energibesparelser ved bedre kraftsystemutnyttelse og d) kostnadsbesparelser mht. pkt. b) og c) samt nyutvikla batteri- og energisystemteknologi

### **Målgrupper**

Ei viktig målsetting i prosjektet er at sluttresultata skal gje positiv nytteeffekt for samfunnet generelt, i tillegg til involverte aktører og søknadstypen sine målgrupper. For å oppnå samfunnsøkonomisk nytteverdi, skal prosjektet flytte ein større del av vegtransport i bynære områder over til sjø gjennom et nullutslippsalternativ.

### **Tidsplan**

Sentrale milepæler for FoU-aktivitetene:

1 Kravspesifikasjon for kollektivruten Askøy-Bergen i Hordaland	Mar17
2 UWS-konseptdesign Askøy-Bergen-ruten	Jun17
3 Nullutslipps energisystem for UWS-fartøyet	Nov17
4 Risikoanalyse for UWS-fartøyet	Nov17
5 Preliminært UWS-design	Des17
6 Tidsplan og kostnad for bygging av UWS-fartøy	Des17
7 Markedsplan for UWS-fartøy	Des17
8 Beslutning om å iverksette bygging av UWS-pilotfartøy for ruten Askøy-Bergen	Jan18
9 Valg av operatør for pilotfartøy	Jan 18
10 Detaljengineering og byggeunderlag for pilotfartøy	Jun18
11 Byggestart for pilotfartøy	Jun18
12 Dåp av pilotfartøy	Mai19
13 Oppstart ruten Askøy-Bergen med nullutslippsfartøy	Mai19
14 Videreutviklet nullutslippsteknologi klar for øvrige samband/fartøy	Des19
15 Videreutviklet UWS-fartøy klar for øvrige samband	Des19

### **Budsjettplan**

<b>Tittel</b>	<b>2017</b>	<b>SUM</b>
Logistikk analyse	365 000	365 000
Markedsanalyse og profilering	190 000	190 000
Produksjonsplan og - kostnad	195 000	195 000
Risiko- og sikkerhetsanalyse	190 000	250 000
Utvikling av energieffektivt UWS fartøy	1 750 000	3 172 250
UWS Konseptdesign	650 000	850 000

**SUM 5 022 250**



## Finansieringsplan

Tittel	2017	SUM
Egenfinansiert FOU innsats	646 229	646 229
Kompensasjonsmidlar Hordaland	2 000 000	2 000 000
Søknad om støtte fra forskningsrådet	2 376 021	2 376 021
		<b>SUM 5 022 250</b>

### Vurdering opp mot kriteria

Fjellstrand deltek saman med fleire andre bedrifter i Hordaland i utviklinga av "Urban Water Shuttle (UWS)", gjennom klyngesamarbeidet Maritim Clean Tech.

Denne søknaden går i hovudsak ut på delfinansiering av Fjellstrand sin del av kostnader ved å utvikla eit energioptimalt nullutslepps hurtiggåande passasjerfartøy til lågast mogleg investeringskostnader på sambandet Askøy-Bergen.

Klynga har gjennom fleire år arbeid med utvikling av nullutslepps bybanen på sjø, og dette vert no konkretisert gjennom å utvikla eit konseptdesign (dimensjoner, skrogutforming, propulsjon, hastigheit, kraftbehov, ladebehov, osv.) som tilfredsstillar kollektivsystem- og regelverkskrav.

Å testa ut ein slik pilot er etterspurt frå fleire områder med stor persontrafikk på sjø. Det er difor ekstra kjekt at prosjektet no ser ut til å kunna bli testa ut på strekninga Askøy – Bergen.

Sjølv om klynga får tilført midlar frå andre offentlege verkemidlar, må bedriftene som deltek i utviklinga ta ein stor del av kostnadane sjølve. Prosjektet har stor grad av innovasjon.

Fjellstrand har mykje å bidra med inn i prosjektet på utviklingssida, men vil og kunna vera ein aktuell bedrift for bygging av Urban Water Shuttle. Dette vil igjen vera viktig for næringsutvikling og sysselsetjing i Kvam og nabokommunar.

**Kompensasjonsmidlar 2016: kr. 1 000 000,-.**

## 6.0 ANNA

### 6.1 Hardangerbadet 2017 – søkjar Kvam herad

#### Kort skildring

Hardangerbadet (HB) er eit stort nytt bade-, helse-, trenings- og velværesenter som er under planlegging i Kvam. Det er eit nyskapande tiltak med ålmenn nytte for heile distriktet. Prosjektet har ein helsefremjande profil og vil gje betre helse- og livskvalitet for mange. Dei ulike elementa i prosjektet er beskrevne i vedlegga som følgjer søknaden.

HB skal vera eit høg-kvalitets og integrert symje-, helse- og aktivitetstilbod samt møteplass for folk i Kvam, Hardanger og Hordaland. Målet er å skape eit 5. generasjons folkehelsebad eit helsefremjande fyrtårnsprosjekt med overføringsverdi til andre regionar i inn- og utland.

Kommunar, innbyggjarar, idrettslag, skuleverk, næringsliv, organisasjonar og andre har vist stor interesse for HB. Prosjektet vil gje rom for godt og breitt engasjement vidare.

Badeanlegget (trening /konkuransebaseng 25m \* 12,5 m og varmtvatn/opptrening 12 \* 8,5 m) skal organiserast som KF (kommunalt føretak).

Tiltaket vert realisert som eit totalprosjekt med bad, helsedel og hotell.

### **Hardangerbadet skal innehalda**

1. Symje-/badeanlegg Hardangerbadet KF
2. legesenter ANS Helsebanken
3. Komplementær aktivitet Hardangerbadet AS\*

\*Kommunehelse, fysioterapi, kiropraktikk, massasje, SPA, trening, ernæring, fotterapeut, trenings-og mestringscenter med mer.

### **Prosjektorganisering**

Kvam herad og eventuelle nabokommunar skal skipa Hardangerbadet KF som skal eiga og driva den offentlege badedelen. Kvam herad vil leggja ned 3 kommunale skulebaseng for å finansiera sin del av drifta.

Hardangerbadet eigedom A/S skal byggja og driva lokala som skal nyttast til helse og oppleving.

Helsebanken ANS vil stå ansvarleg for sin del av bygget og Hardangerfjord hotel vil byggja ut sin del. Det vil verta utarbeidd avtalar mellom dei ulike partane for å sikra ei best mogleg drift av senteret.

### **Samarbeidspartnar**

Det er ei rekke samarbeidspartnarar i prosjektet. Hardangerfjord hotell skal byggje ut hotellet med ny konferanseavdeling, nytt kjøken og nye rom. Helsebanken ANS og Helsebanken fysioterapi A/S skal flytta sin aktivitet til nye lokale i tilknytning til badet, Tonus Fysioterapi og trening A/S skal etablere seg i senteret og det vert arbeid med avtalar opp mot Helse Bergen og andre som kan kjøpa helsetenester.

### **Aktivitetar**

- Ferdigstillast forprosjekt
- Inngå bindande avtalar
- Fullfinansiera totalprosjekt
- Kvalitetssikra grunnlagsdata
- Utarbeida tilbodsgrunnlag
- Utlysing av anbod
- Tildeling

For at bade delen skal ha ei sunn og god framdrift er det HB sitt mål å skaffa så stor eigekapital til den som mogleg. Eit tilskot på 10 mill. kroner frå kompensasjonsmidlane vil redusera trongen for

offentlege lån og vil styrkja til taket med tanke på økonomi og omdøme. Konkret er det HB sitt mål at lånebehovet til bade delen i HB KF ikkje skal overstiga 20 mill.

Det vert søkt om kr. 3 000 000,- til prosjektet som har ein totalkostnad på over kr. 90 mill. (Sjølve badeanlegget)

### Tidsplan

Byggjestart hausten 2017, opningsdato sommaren 2019

### Budsjettplan

Tittel	2017	2018	2019	SUM
Byggjekostnader	10 000 000	40 000 000	40 500 000	90 500 000

### Finansieringsplan

Tittel	2017	SUM
Andre sponsorar	1 300 000	1 300 000
Anna støtte frå moglege finansieringskjelder	4 900 000	4 900 000
Extra - stiftelsen	3 000 000	3 000 000
Gåvebrev	500 000	500 000
Kompensasjonsmidlar Hordaland	4 000 000	4 000 000
Kompensasjonsmidlar Hordaland	3 000 000	3 000 000
Kompensasjonsmidlar Hordaland	3 000 000	3 000 000
Kvam herad, eigenkapital	20 000 000	20 000 000
Kvam herad, tomt	3 000 000	3 000 000
Momskompensasjon	12 000 000	12 000 000
Mva. frådrag	6 000 000	6 000 000
Sparebankstiftinga Hardanger	500 000	500 000
Spelemidlar	19 300 000	19 300 000
Trond Mohn	10 000 000	10 000 000

**SUM 90 500 000**

### Vurdering opp mot kriteria

Hardangerbadet (HB) ved Kvam herad fekk kr. 4.mill frå kompensasjonsmidlar 2014. Før denne tildelinga vart det gjort avklaringar på at søknaden gjaldt den kommunale delen i prosjektet. Det gjer denne søknaden også.

I vedlegga som føl søknaden kjem det godt fram at det er gjort eit grundig arbeid frå 2014 fram til no. Blant anna med å få på plass avtalar med sentrale aktørar og støtte frå fylkeskommune, næringsliv og kommunane i regionen.

Prosjektet er eit trepartsamarbeid. Det har vore ein usikkerheit kring eigarforholda til hotellet. Det har vore DNB som forvaltar eigarskapet til hotellet. DNB har vore i møter med kommunen og

informert om situasjonen kring hotellet. DNB har gjennomgått hotellet med omsyn til teknisk stand og verdsetting. Dette er no avklart, og DNB har no selt Hardangerfjord hotell til ny eigar LAB AS.

LAB AS har planlagt nybygg og renovering av eksisterande bygg til ca. 40 mill. kroner, i tillegg skal dei samarbeida om realisering av Hardangerbadet eigedom, Hardangerbadet KF og Helsebanken. Med ny eigar av hotellet ligg no alt til rette for å realisera og byggja totalprosjektet.

Kommunen har stilt som vilkår for si deltaking at alle element i prosjektet kan realiserast.

Ein avgjerande føresetnad for realisering av prosjektet slik det no føreligg er på plass. Ei realisering av prosjektet vil kunna skapa mellom 30 og 50 nye arbeidsplassar.

**Kompensasjonsmidlar 2016: kr. 1 200 000,-**

## **6.2 Planlegging av Zip-line i Norheimsund – Søkjar Kvam Næringsråd**

### **Bakgrunn**

I nærleiken av Nordheimsund ligg Steinsdalsfossen. Her har Statens Vegvesen gjennomført ei utbygging som ein del av satsinga på nasjonale turistvegar. Gangvegen bak fossen er opprusta og ein ny turistinformasjon og parkeringsplass er etablert. Det er rekna med at 3-400 000 personar er innom årleg. Kan ein få desse til å stoppa lenger vil reiselivet i Kvam og Hardanger ha mykje å tena på dette.

Kvam Næringsråd har lansert ideen om ei Zip – line med landingsplass nær Steinsdalsfossen. Frå ei høgde på over 300 meter på Sæberg, litt over 2km borte, kan ein få både spektakulært utsyn over Norheimsund og Hardangerfjorden mot Folgefonna og ein spennande tur med ZIP-line i stor høgde ned til Steinsdalsfossen. Opp til Sæberg er det kommunal veg der det kan skyssast opp folk med ein shuttle buss.

ZIP – line er ein «løypestreng» der personar koplpar seg på under ein løpekatt med ein stol. Det planlagde anlegget her er på ca 2300 meter langt, startar frå 300 meters høgde på Sæberg og landar i 10 meters høgde nede ved reiselivsbedrifta Bjøketeigen tett ved turistinformasjonen i Steinsdalen.

Det vert lagt opp til 3 eller fire parallelle liner, Kapasiteten er kalkulert til 15 personar i timen pr. linje, til ein billettpris på ca. 4-500 kroner.

### **Prosjekt mål:**

Planlegging av ei ZIP line frå Sæberg til Steinsdalen i Nordheimsund.

### **Tidsplan**

1. mars 2017 - 30.april 2017: Utarbeiding av mulighetsstudie.

1. mai 2017: Under føresetnad av at finansiering av prosjektet er på plass: Oppstart med teknisk planlegging og reguleringsplanarbeid.

15. august 2017: Danning av eigar- og driftsselskap.

28. februar 2018: Planarbeid er avslutta og det er klart for bygging.

## Budsjettplan

Tittel	2017	2018	SUM
Danning av interesse/eigarselskap		60 000	60 000
Mulighetsrapport	30 000		30 000
Studietur til Ørsterrike	50 000		50 000
Teknisk/økonomisk planlegging	100 000	100 000	200 000
Utarbeiding av presentasjon	40 000		40 000
			<b>SUM 380 000</b>

## Finansieringsplan

Tittel	2017	SUM
Kompensasjonsmidlar	150 000	150 000
Kvam herad	15 000	15 000
Kvam Næringsråd	15 000	15 000
Olav Thon Stiftelsen	200 000	200 000
		<b>SUM 380 000</b>

### Vurdering opp i mot kriteria

Ei etablering av ei ZIP line vil gje Kvam og Hardanger ein spektakulær attraksjon som vil kunna gje reiselivet store ringverknader. Det er dokumentert at turistar vil ha opplevingar, ikkje berre natur. Dette prosjektet vil kunna gje begge deler. Linja det her vert lagt opp til vil truleg verta Europas lengste.

Prosjektet er forankra i Kvam Næringsråd og Kvam Herad og det er søkt Olav Thon Stiftelsen om midlar. Den er ikkje handsama enno.

Det er brukt ein stor del kompensasjonsmidlar til tilrettelegging av området rundt Steinsdalsfossen.

Ei støtte til dette prosjektet vil auka attraksjonen i området enno meir og vil styrka reiselivet, som er eit satsingsområde i Hardanger og Hordaland.

**Kompensasjonsmidlar 2016 : kr. 146 850,-.**

## 7.0 SØKNADER SOM IKKJE HAR FÅTT STØTTE

### 7.1 Styrking av Studiesenteret i Hardanger – søkjar Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger

Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger vart stifta i 1993 og er eigd av Tyssefaldene AS og seks kommunar i Hardanger, tre av desse er vertskap for kva sin studiestad med videooverført undervisning. Dette gjeld Odda, Kvam og Eidfjord.

## Bakgrunn

Endringer i universitets- og høgskolestrukturen nasjonalt har gjort det vanskeligere å få tilgang til desentralisert, videooverført undervisning. I tillegg ser ein utfordringer ved eigen modell for desentralisert utdanning, noko som slit på kvar av studiestadane.. Nettverket mellom dei tre studiestadane har ikkje vore gjennomarbeida nok. Søkjar ynskjer å styrkja studiestadane i Kvam, Eidfjord og Odda gjennom tettere samarbeid, involvering, forankring og dialog, samt arbeida for ein god utvikling av SHIH.

Stiftelsen Høgskuleutdanning i Hardanger søker om midlar for å:

1. For å revitalisera studiestadane og forakra drifta av dei betre ut i kommunane Kvam og Eidfjord, samt fire av medlemskommunane, noko som vil vera avgjerande for framtida for desentralisert utdanning i Hardanger.
2. For i større grad å få tilgang til potensielle studentar tilsett i kommunane, i bedrifter og privatpersonar gjennom auka tilpassa marknadsføring.
3. For i større grad å kunna utvikla Studiesenteret.no nasjonalt ved å arbeida aktivt for å få tilgang til fleire studiar, frå lærestader, og rekruttera fleire studentar ved studiestadane i Hardanger. Arbeidet vil føregå gjennom direkte dialog med utdanningsinstitusjonar og via arbeidsgruppedeltaking i Studiesenteret.no.
4. For å kunna vera til stade i nettverk og på møteplassar i utdanningsrelaterte nettverk i regi av Hordaland fylkeskommune og Hardangerrådet.

## Tidsplan

Arbeidet vil foregå i to intensive periodar vår og haust, med avslutningsdato 31.12.17.

Det vil bli skiven ein enkel handlingsplan over hovedtiltak som følger:

- Markedsføring - strategi, fordeling og gjennomføring
- Arbeid med rekruttering av (nye grupper) studenter
- Arbeid for eit utvidet studietilbud
- Arbeid for effektiv oppgavefordeling og styrking av studiestedene, inkl. delt prosjektledelse.

## Budsjettplan

Tittel	2017	SUM
Arbeid for et utvidet studietilbud	35 000	35 000
Markedsføring og nye studentgrupper	80 000	80 000
Prosjektledelse, delt	100 000	100 000
Rapportering og regnskap	30 000	30 000
Reise inkl. regionale arenaer	35 000	35 000
Studiestedet i Eidfjord, nettverk og utvikling	30 000	30 000
Studiestedet i Kvam, nettverk og utvikling	90 000	90 000

**SUM 400 000**

## Finansieringsplan

Tittel	2017	SUM
Egeninnsats / annen finansiering	90 000	90 000
Kompensasjonsmidlar Hordaland	300 000	300 000
Studentbetaling og refusjoner studiesenteret	10 000	10 000

**SUM 400 000**

### Vurdering i høve til kriteria

Søkjær opplever at endringar i høgskule og univertsitetsstrukturen nasjonalt har gjort det vanskelegare å få tilgang til videooverført undervisning. Høgskulereforma er gjennomført det siste året, og fleire høgskular er fusjonert.

Dersom ein konsekvens av reforma er at høgskulane prioriterer ned desentralisert undervisning er dette og eit politisk spørsmål, som bør takast vidare. Dette bør eigarane av Stiftinga Høgskuleutdanning i Hardanger i så fall kunna ta ansvar for.

I søknaden kjem det tydeleg fram at det er utfordringar med stiftinga sin eigen modell for utdanning, og at samarbeid og nettverk mellom deitre studiestadane ikkje er tilfredstillande. Dette skuldast og manglande økonomi. Søkjær ynskjer å styrkja studiestadane gjennom tettare samarbeid, involvering, forankring, dialog og tydlegare oppgåvedeling enn det ein har fått til tidlegare, og slik leggja til rette for drift og utvikling av stiftinga.

Både prosjektmåla og resultatmåla i søknaden virke fornuftige, men oppgåvene for å nå måla ber preg av drift. Gjennomføring av desse tiltaka vil og bør kunna gje stiftinga ein betre økonomi.

### **Styringsgruppa har gjort følgjande vedtak:**

Søknaden fell utanom kriteria for bruk av kompensasjonsmidlar, og vert ikkje stetta.

## **7.2 Tilpassa utdanning til næringslivet sitt kompetansebehov – søkjær Øystese Gymnas/Norheimsund Vidaregåande Skule**

### **Bakgrunn:**

Norsk yrkesliv består av svært mange lærefag. Utdanning til desse baserer seg i hovudsak på ein 2+2 modell, med 2 år i skule og to år i bedrift. Fyrste året kan elevane velja mellom 8 ulike programområde. Øystese gymnas/ Norheimsund vgs tilbyr berre 3 av dei. ( Elektro, Helse/Oppvekst og TIP) Me har og eit avgrensa tilbod når elevane skal velja Vg2. Dette fører til at skulen i dag ikkje klare å dekke behova til verken ungdommen eller lokalt næringsliv. Ein av grunnane til dette er at Kvam heldigvis har eit variert næringsliv med eit allsidig kompetansebehov. Det vil derfor vera uråd å gjera alle til lags med den tradisjonelle 2+2 modellen.

Øystese gymnas/ Norheimsund vgs ynskjer derfor å gjera tilbodet meir fleksibelt. Vekslingsmodellen er ein utdanningsmodell som kombinerer skule og læretid. Elevane er då delvis på skule og delvis i lære i bedrift. Ved å tilby dette unngår ein å avgrensa vala til elevane grunna manglande tilbod på Vg2. Det fins og ei utgåve av dette som heiter Steigenmodellen. Då har elevane kun fellesfag på skulen, og har all programfagopplæring og læretid i bedrift. Ved å ta i bruk ein slik modell, vil me kunna gje opplæring i mange fleire lærefag enn det me er i stand til i dag. I dagens tradisjonelle

modell står skulen som ein trong flaskehals som skil elevane og næringslivet sine interesser. Slik kan det ikkje halda fram å vera.

Skal skulen kunna tilby Steigenmodellen, treng dei eit mykje tettare samarbeid med næringslivet enn det som er i dag. Skulen har eit godt samarbeid med lokalt næringsliv i faget Yrkesfagleg Fordjuping (YFF), og ein del samarbeid i overgangen mellom skule og læretid. Skal skulen få til opplæring i eit kontinuerleg samarbeid mellom skule og bedrift, der bedriftene tek ein større del av opplæringa enn i dag, krev dette mykje koordineringsarbeid i starten. Når ordninga er etablert reknar ein med at dette kan leva vidare innan skulen og næringslivet sine egne rammer.

Dei ulike verksemdene er organiserte i mange ulike næringsorganisasjonar, slik at dei har ikkje eit felles talerøyr skulen kan venda seg til.

Handalag opplæringskontor har hatt eit prosjekt som heiter Yrkesfag i Fokus. Deira erfaringar frå det prosjektet syner at det kan vera nyttig å satsa på ein slik utdanningsmodell.

Yrkesutdanninga i Sveits, Danmark og Tyskland føregår etter denne modellen.

### **Mål**

Øystese gymnas/Norheimsund vgs ynskjer å ta i bruk ein ny utdanningsmodell på yrkesfag som er meir fleksibel og tilpassa næringslivet sine behov enn den tradisjonelle 2+2 modellen ein har idag.

### **Plan for gjennomføring**

Skulen ynskjer å få «Steigenmodellen» søkbar for skuleåret 2018-2019. Skal dei klara dette er det to store oppgåver som må løysast.

- Få modellen godkjent hjå Fylkeskommunen.

- Få næringslivet med på ordninga. Her må skulen få til samarbeid med/mellom Kvam næringsråd, Norheimsund næringslag, Øystese næringslag, Kvamskogen næringslag, Næringshagen i Hardanger og Handalag opplæringskontor. Kvam herad er også ein stor arbeidsgjevar som må takast med. Ein del verksemdar i Kvam er ikkje knytt til nokon av desse organisasjonane. Det må då arbeidast for å få dei med i.

- Det må gjerast mykje arbeid inn på ungdomsskulane for å gjera ordninga kjend.

I mai 2016 hadde skulen eit møte med 12 verksemdar i Bygg og Anleggsbransjen i Kvam for å sjå på korleis dei kan få dekkja framtidig behov for fagfolk. Her kom de fram ynskje om utdanning etter ein slik modell. Dei snakka og om å dela på lærlingar for å kunna gje tilstrekkeleg breidde i opplæringa. Basert på positiviteten i det møtet, ser ein at dette kan vera ein god bransje å starta med. Her er både eit behov i næringslivet og elevar som ynskjer seg inn i bransjen.

Det er også eit potensiale innan Barne og ungdomsarbeidar, Kjemiprosess, Matfag og Salsfag. Når det gjeld andre lærefag, lyt dei koma til med tida basert på næringslivet sine behov.

### **Forventa resultat**

- Meir samsvar mellom utdanningstilbod og næringslivet sitt behov for kompetanse.
- Tettare samarbeid mellom skule og næringsliv
- Elevane får auka motivasjon ved at dei vel lærefag på eit tidlegare stadium i opplæringa. Opplæringa får då auka relevans.
- Kvammaungdommen får tilgang på eit breiare utdanningstilbod enn det dei har i dag.
- Færre ungdommar må flytta på hybel som 15-16 åringar.
- Erfaringane frå Steigen syner at elevar frå omkringliggjande kommunar søkjer seg til skulen grunna det unike tilbodet.



- Auka status for yrkesfaga
- Sikrar den vanskelege overgangen mellom skule og læretid ved at elevane har lærekontrakt frå fyrste dag.

### Tidsplan

1. Arbeida fram mot ei godkjenning i fylkesutvalet innan september 2017
2. Skriva intensjonsavtalar med bedrifter frå september 2017 og ut året.
3. Rekrutteringsarbeid i ungdomsskulen november 2017-mars 2018.
4. Oppfølging av avtalar og elevar siste halvår 2018.

### Budsjettplan

Tittel	2017	2018	SUM
Møter /Reiser	40 000	40 000	80 000
Prosjektleiar	250 000	250 000	500 000
<b>SUM 580 000</b>			

### Finansieringsplan

Tittel	2017	2018	SUM
Eigeninnsats frå næringslivet	45 000	45 000	90 000
Eigeninnsats frå skulen	45 000	45 000	90 000
Kompensasjonsmidlar Hordaland	200 000	200 000	400 000
<b>SUM 580 000</b>			

### Vurdering opp mot kriteria

Vekslingsmodellen er ein utdanningsmodell som kombinerer skule og læretid. Elevane er då delvis på skule og delvis i lære i bedrift. Ved å tilby dette unngår ein å avgrensa vala til elevane grunna manglande tilbod på Vg2. Steigenmodellen er ei utgåve av dette . Då har elevane kun fellesfag på skulen, og har all programfagopplæring og læretid i bedrift. Ved å ta i bruk ein slik modell, vil skulen kunna gje opplæring i mange fleire lærefag enn det ein er i stand til i dag.

Ut i frå dokumentasjon som er vedlagt søknad, er det svært gode erfaringar frå denne opplæringa i Steigen, og det er fylkestinget i Nordland som i 2013 gjorde vedtak om oppretting av modellen. Som det kjem fram av søknaden er det Hordaland fylkeskommune som må gjera vedtak om ei eventuell oppretting av eit slikt tilbod i Kvam.

Stortinget har og gjort vedtak om veslingsmodellen innanfor vidaregåande skule.

Kompetanse og tiltak mot fråfall er satsingsområde i Hordaland. Denne søknaden fell godt inn i desse, og satsingar innan regional utvikling.

Søknaden fell innanfor kriteria for bruk av kompensasjonsmidlar, men Styringsgruppa rår søkjar til å drøfta prosjektet med Hordaland fylkeskommune for å få testa ut ein modell i Hordaland.

Det er naturleg at kostnadane vert teken av Hordaland fylkeskommune.

### 7.3 Søknad om støtte til klatrevegg i ny idrettshall - søker Framnes kristne vidaregåande skule (Framnes KVGS)

#### Kort skildring

Framnes kristne vidaregåande skule i Kvam ynskjer å byggja klatrevegg i den nye idrettshallen som er under oppføring. Målet er å optimalisere det totale idrettstilbodet for elevane, og bidra til å sikra arbeidsplassane på skulen.

Ny klatrevegg er eit tiltak som vil vera med å gje skulen enda større gevinst av den store investeringa (nær 40 millionar) skuleeigarane no gjer for å styrkja skuletilbodet. Det vil også betra konkurranseevna i ein marknad som vert stadig meir krevjande.

- **Tidsplan**

November 2016: Oppstart av planarbeid for alternativ finansiering etter at klatreveggen vart teken ut av det opphavlege anbudet for idrettshallen. Eige ansvarsgruppe etablert.

- Desember 2016: Innhenting av anbud frå leverandør.
- Januar 2017: Søknad om ekstern stønad i samband med finansiering.
- September 2017: Byggestart (eksternt firma)
- Oktober 2017: Ferdigstilling (eksternt firma) Eventuell dugnadsinnsats i samband med klargjering.
- November 2017: Startkurs for idrettslærarar (naudsynt før ein tek klatreveggen i bruk).
- Desember 2017: Klargjering og sluttrapport med plan for bruk av klatreveggen. Offisiell opning av klatreveggen med invitasjon av gjester, til dømes den lokale klatreklubben.

#### Budsjettplan

Tittel	2017	SUM
Klatre- og sikringsutstyr	50 000	50 000
Prosjektering	81 525	81 525
Tilbud frå leverandør	918 475	918 475

**SUM 1 050 000**

#### Finansieringsplan

Tittel	2017	SUM
Elevlaget for Framnes	50 000	50 000
Framnes IL	50 000	50 000
Framnes KVGS (eigenandel)	200 000	200 000
Framnesforeninga	50 000	50 000
Kompensasjonsmidlar Hordaland	700 000	700 000

**SUM 1 050 000**

### **Vurdering opp i mot kriteria**

Framnes Vidaregåande skule er ein av dei store private arbeidsplassane i Kvam, med 60 fast tilsette. Skulen har godkjenning for 270 elevar, med plass til 230 på internat. Resten bur heime. I ein konkurranseutsett sektor må ein arbeida målretta og vera villige til å investera i nye bygningar, fasilitetar og utstyr for å kunna tilby ein oppdatert og moderne skule innan studiespesialisering og idrett. Det er heilt avgjerande for skulen si framtid at ein prioriterer konkurransekrafta med tanke på sjølve grunnlaget til skulen, interesse i markanden og tilgang på nye elevar.

Dette er bakgrunnen for at skuleeigarane no investerer nær 40 millionar i ny idrettshall, eit bygg som skal innviast i juni og klar til bruk i 2017.

I samband med dette søker skulen no kr. 700 000,- til delfinansiering av ein klatrevegg i den nye idrettshallen. Dette var i utgangspunktet inkludert i anbodet, men teken ut på grunn av at eigarane ikkje makta å finansiera det opphavlege anbodet på vel 50 millionar kroner, og måtte ta ut ein del av det planlagde utstyret.

Framnes kristne vidaregåande skule er ein viktig arbeidsplass i Kvam, og det er svært positivt at skulen heile tida er oppteken av fornying og utvikling. Ny idrettshall med ny fasilitetar vil sjølvstøtt vera med på å gjera tilbodet meir attraktivt.

Styringsgruppa meiner likevel at ei støtte til ein klatrevegg ikkje vil vera avgjerande for rekruttering til skulen, og til oppretthalding av arbeidsplassar. Søknaden går på investeringar og har liten næringsretta relevans.

## **7.4 Hardanger Adventure House - søker Bygdagnist v/ Arne-Kristian Glück-Teigland**

### **Kort skildring**

Hardanger Adventure House etablerast i Holmatun i Øystese, Kvam. Holmatun skal vera det mest relevante og best drivne kombinerte kultur- og friluftssenteret på Vestlandet. Huset skal vera samlingsstad og nav i ei satsing på adventuremarknaden i reiselivet i Hardanger. Miljøet i huset skal utvikla det regionale reiselivet og vera bindeledd mellom NCE Tourism og Reisemål Hardangerfjord. Både opplevingar (HardingOppleving) og overnattingstilbod (HardingHotell) utviklast med utspring i miljøet.

For å stimulera til vekst i denne nettverksorganisasjonen innan innovasjon og entreprenørskap trengs oppgraderte kontorfasilitetar. For å etablere senteret som utgangspunkt og samlingsplass for gjester trengs også oppgradering av kjøkkenet og serveringslokala.

Hovudmålet for denne søknaden er å etablere kontorplassar i senteret.

Eit aktivitetssenter vil kunna tilby tenester som

- Informasjon
- Sal og utleige av utstyr, kart og lignende.
- Formidling av guida turar, enkelovernatting med mer.
- Kurs, seminar og utdanning
- Personleg rettleiing og ininspirasjon
- Arrangement

- Prosjektaktivitetar
- Med mer

Prosjektet er forankra i Kvam herad ved at fritidsturisme og fysisk aktivitet som ein av dei viktigaste satsingsområda i kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

### Tidsplan

Mars 2017 - Juni 2016: Innvendige arbeider 1. etg, kontorfelleskap, HardingHUB

Juni 2017 - Desember 2017: Oppgradering kjøken og serveringslokale

### Budsjettplan

Tittel	2016	2017	SUM
Elektrisk		45 000	45 000
Interiør		45 000	45 000
Kjøken		250 000	250 000
Kontorlokale		150 000	150 000
Peisestove		75 000	75 000

**SUM 565 000**

### Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	SUM
Dugnad		50 000	50 000
Eigenandel		100 000	100 000
Holmatun-lauget		65 000	65 000
Kompensasjonsmidlar Hordaland	300 000		300 000
Kvam herad		50 000	50 000

**SUM 565 000**

### Vurdering

Forventa resultat av dette prosjektet er ein ny samlingsplass for friluftaktivitetar, samlingsplass for innbyggjarane i området og reklameobjekt for regionen.

For å få dette til vert det kravd ei naudsynt oppgradering av bygget, både innvendig og utvendig, slik at det vert mogleg med heilårsbruk av bygget.

Dette vil kunna gje nye arbeidsplassar og spennande kontorlokale i eit kreativt miljø.

Styringsgruppa meiner at dette er eit spennande tiltak, der fleire aktørar gå inn og skaper eit attraktivt miljø, som igjen kan vera med på å styrka eit heilskapleg reiselivstilbod i Hardanger.

Søknaden går på investeringar i bygg, og styringsgruppa meiner at søknaden fell utanom kriteria for bruk av kompensasjonsmidlar.